



Høgskulen i Volda
Boks 500

6101 Volda

Deres ref.
2001/29

Vår ref.
02/3551 A.48/432 EF/

Dato
19.09.2002

KASSASJON VOLDA LÆRARSKULE 1973-1994

Vi viser til tidlegare innsendt kassasjonsplan frå 12. juli i år, seinare e-post og telefonsamtalar med Marit Aarsæther og nytt framlegg til kassasjonsplan datert 9. september.

Kassasjonsplanen følgjer arkivnøkkelen som blei nytta i perioden 1973-1994. I eigenforvaltninga er dei felles bevarings- og kassasjonsføresegnene for statsforvaltninga nytta. Her er to unntak. Det eine er at lærarskulen ikkje hadde personalmapper, difor kan dei ikkje bevarast. I staden vert innstillingar og vurderingar frå kommisjonar og saker om tilsetjing, avskjed, permisjonar, ansiennitet og opprykk tekne vare på. Det andre er at søknader til dei øvste stillingane ikkje finst ved skulen. Forklaringa er truleg at søknadene gjekk til KUD som føretok tilsetjingane.

Skulen gjer framlegg om kassasjon av studentmapper sidan karakterar finst i karakterprotokollar, og saker om enkeltstudentar finst i styreprotokollar som blir tekne vare på. Dette er i samsvar med kassasjonsvedtaket for dei statlege høgskulane frå 1994.

Skulen gjer framlegg om å kassera eksamenssvara. Dette er i strid med kassasjonsreglane for slikt materiale fra 1984. Årsaka er at desse reglane ikkje har vore fylgde tidlegare når svara blei lagde bort. No ligg svara slik at det vil vera sers arbeidskrevjande å finna ut når det var første eksamen i eit fag, nyordningar, over eller under 100 som tok eksamen osv. Sidan dette kassasjonsreglementet frå 1984 etter alt å døme treng revisjon, gjev Riksarkivaren løyve til denne kassasjonen for Volda Lærarskule i tida 1973-94.

Kassasjonsplanen er prega av vilje til å bevare det som er særskildt for Volda Lærarhøgskule og på felt der skulen har vore pioner, mens det som er meir felles for alle lærarskular, eller det som gjeld eigenforvaltning og som ikkje har interesse for enkeltpersonars rettskrav, blir kassert når det ikkje lenger har administrativ interesse.

Riksarkivaren godkjenner med dette kassasjonsframlegget for Volda Lærarhøgskule for perioden 1973-1994.

Med helsing

John Herstad
riksarkivar

Anne Hals
underdirektør

Kopi: Statsarkivet i Trondheim